

Å, du gode sparegrisen min

På det meste fanst det 638 sparebankar i Noreg. Ikkje alle hadde reint mjøl i posen.

HISTORIE

LARS THUE:

Forandring og forankring. Sparebankene i Norge 1822–2014

UNIVERSITETSFORLAGET 2014

Forandring og forankring har Lars Thue kalla praktverket som sjølv-sagt handlar om nasjonsbygg-jing, filantropi og motstands-kamp, men òg om underslag, fall-litt og svindel.

Det var laurdag ettermiddag 29. juni 1822 at kaptein Georg Michael Doderlein kunne ynskja dei første kundane velkomne til Christiania Sparekasse i lånte lokale i Christiania rådhus, på hjørnet av Rådhusgata og Dronningens gate, der bygningen framleis står. Kassaboka syner at han sjølv var første innskytar i ein norsk sparebank. Motsett Noregs Bank, den einaste som til då fanst og som kravde pengar for å ta vare på pengane til folk, var Doderlein og alle andre innskytarar lova 4 prosent rente på kvar innskoten spesialdar som stog inne i ein måned.

Dei som tok mot pengane, var to ulente medlemmer av direksjonen. Denne var samansett av ni menn frå embetsstand og næringsborgarskap. Kasserarombodet gjekk på omgang. Først noko seinare fekk banken ein lønt medarbeidar. I 1827 vart det oppdaga at denne mannen, berre kjend som Ingier, hadde under-slege over 10.000 spesialdalar. Det vart ikkje det einaste underslaget i norsk banksoge.

HJELP TIL SJØLVHJELP

I utgangspunktet var spareban-



Banktillitsmen-nene var i ein krins som støtta kvarandre når dei skulle låna peng-ar. Slikt kamera-deri kunne koma i vegen.

kane eit filantropisk prosjekt for borgarskapet. Bankene skulle hjelpa og oppdra åtmennta ved å leggja tilhøva til rettes for spar-ing. Kapitalen som måtte til for

banketablering, vart gjeven av velstående borgarar, og dei same dreiv i byrjinga mykje av arbeidet med banken utan betaling.

Ideen fengde; alt i 1823 kom det til fleire nyetableringar. På det meste, i 1929, var det her i landet 638 sparebankar. I åra frå 1965 til midten av 1980-åra går talet dra-matisk ned på grunn av samanslå-ingar. I 2014 er talet 107.

I utgangspunktet skulle utlån berre vera eit sideprodukt av spar-ing og innskot. Men med utvik-linga av marknadsøkonomien og gjennombrotet for pengehus-holdinga, fekk utlåns- og kredit-terkemma ein sjølvstendig plass i drifta til sparebankane.

Eit stort gode var at dette i stor grad øydeleta marknaden for dei såkalla ågerkarane. Det var pengeutlånarar som tok urimeleg høge renter på lån til folk som var hamma i økonomisk uføre.

Desse kunne krevja ei årlig rente på 30 prosent og meir for å låna ut pengar til dei som var i desperat naud for å berga gard og heim.

BYGDENES «BESTE MENN»

Det heitte seg tidt at det var dei «beste menn» rundt om i bygdene som sat som forstandarar og i lei-ing av sparebankene. Dei beste var gjerne dei rikaste. Og det var dei som mest trong kapital til investeringar i gardsdrift, skogs-drift og anna forretningsverk-semd. Desse banktillitsmennene var i ein krins som støtta kvar-andre når dei skulle låna pengar.

Slikt kamera-deri kunne koma i vegen når det galdt lik hand-saming i høve til andre som søkte lån. Slike «venetener» kunne òg leggja lok på uheldige tilhøve. Byråsjef Simen Skappel i Sta-



Den gamle sparebankbussen til Sunnfjord Sparebank.

tistisk sentralbyrå har omtala dette i historieboka til Ringsaker Sparebank i 1928. Han høyrde til ei slekt av storbønder. Både han sjølv og familien hadde vore engasjert i drifta av den lokale banken. Han skriv: «Det er nu engang slik at almuen driver en art herosdyrkelse med menn som har oppnådd en viss posi-sjon innen bygden, og at denne forherligelse dulmer all kritikk og gjør folk blinde for de mindre heldige egenskaper som objek-tet kan være i besiddelse av ... En sparebankkasserer med anseelse og gode forbindelser kan i årevis ta av kassen ... uden at nogen fat-ter mistanke. Dette bekræfter sig stadig.»

Lars Thue skriv i boka at dei opplevde nettopp dette i Ringsa-ker Sparebank. Og likeins i Elve-rum Sparebank. Der oppdaga hovudrevisor i 1921 at kassa hadde eit underskot på 5000 kro-ner. Han gjekk ikkje med dette til bankleiinga, men hjelpte kassera-

ren til eit lån så kan kunne dek-ka underskotet. I åra etter pressa han kasseraren til å betala revi-soren i alt 130.000 kroner. Kassa-mangelen var så skjult med fing-erte posteringar.

FINANSIERTE PLIMSOLLARAR

I dei gode tidene under og like etter den første verdskrigen var det florissante tider for spekulan-tar å la Ber Børsson, Thue dreg fram Sandefjord sparebank som finansierte utrangerte seglskip, såkalla plimsollarar, der eiga-rane kunne innkassera gode for-sikringspengar når dei lite sjø-dyktige fartøya forliste. 28 skip vart i 1915–17 kjøpte med kassa-kreditlån frå banken. I 1918 sprakk bobla. Ein ting var at ban-ken og låntakarar måtte avskrika store tap. Andre fekk det verre: 21 skip frå flåten i byen hadde forlist, og 32 sjøfolk miste livet.

Meir rakrygga var bankne-ringa under den andre verdskri-gen. Alle freistnader frå Nasjo-nal Samling vart slegne attende, og Hartvig Gundersen, formann i Sparebankforeningen, kunne etter krigen slå ikkje at ikkje berre hadde foreininga kome upleitta gjennom okkupasjonen. Opp-siktsvekkjande var det òg at dette hadde skjedd med direkte støtte frå dei tyske okkupertane.

I vår eiga tid har vi opplevd kriser og skandalar av enorma proporsjonar. Her skal vi berre nemna Finance Credit, der eiga-rane Torgeir Stensrud og Trond G. Kristoffersen vart tiltala for grovt bedrageri av 1,4 milliardar kroner, dokumentfalsk og brot på rekneskapslova.

Endå verre var skandalen med Terra Securities, der ei rekkje norske kommunar tapte arvsel-vet og sette seg i botlaus gjeld. Likevel ser Lars Thue opti-mistisk på framtida: «... Den fag-lege tyngden og kreativiteten har gjennom de siste tiårene vært brukt til å ivareta sentrale trekk ved en fortsatt levende spare-banktradisjon. Etter å ha jobbet med sparebankhistorien i over to år er inntrykket at sentrale ele-menter i denne tradisjonen for-tjener et langt liv», skriv han til slutt i boka.

ARVID BRYNE

Endå verre var skandalen med Terra Securities, der ei rekkje norske kommunar tapte arvsel-vet og sette seg i botlaus gjeld. Likevel ser Lars Thue opti-mistisk på framtida: «... Den fag-lege tyngden og kreativiteten har gjennom de siste tiårene vært brukt til å ivareta sentrale trekk ved en fortsatt levende spare-banktradisjon. Etter å ha jobbet med sparebankhistorien i over to år er inntrykket at sentrale ele-menter i denne tradisjonen for-tjener et langt liv», skriv han til slutt i boka.

Arvid Bryne er journalist og forfatter og fast skribent i Dag og Tid.

Stykkevis og delt

Jørgen Haugan lovar «fullt og helt», men boka vert heller eit oppgjer med ein for enkelt framstilt tradisjon.

LITTERÆR BIOGRAFI

JØRGEN HAUGAN:

Dommedag og djevel-pakt. Henrik Ibsens forfatterskap – fullt og helt

GYLDENDAL 2014

Med *Dommedag og djevelpakt. Hen-rik Ibsens forfatterskap – fullt og helt* avsluttar den Danmark-baserte litteraturvitaren Jørgen Haugan livsverket sitt om Ibsen, som han starta med avhandlinga *Henrik Ibsens metode* (1977) og held fram med i *Diktorsfinnen. En studie i Ibsen og Ibsen-forskningen* (1982). Ved å ta utgangspunkt i Ibsens appell om å lesa vere hans som ein heil-skap, i kronologisk rekkefølge, deler Haugan forfatterskapen i ein kristen-idealistisk fase (inntil *Keiser og galliær*), ein kort realistisk fase (inntil *Eit dukkehjem*) og til sist eit fullstendig oppgjer med



Det syner seg at Haugans analyse fungerer best når han ikkje vert nytta systematisk.

det moderne gjennombrotet, som byrjar med *Gengangere* (eit epokeskift som får mykje plass i Haugans analyse) og held fram til slutten av forfatterskapen.

Og det er ikkje småteri! Hau-gan legg på bordet. Hovud-poenga hans er, noko forenkla, følgjande: Ibsen har aldri vore kulturradikalar, slik som Georg Brandes og etterføljarane hans har hevda, verka hans er tufta på eit kristent-evangelisk livssyn, og alt han skreiv, er «gjemmelevet», det vil seie at Ibsens drama er ein livslang sjølvrefleksjon.

LITT AVGRENSA

Haugan gjer arbeidet skilleleg: Boka er ein 600-siders lang *tour de force* gjennom Ibsens drama-tiske korpus, og Haugan fordju-par seg i kvart einaste stykke (og mange dikt) med entusiasme og genuin interesse. Slik sett er *Dommedag og djevelpakt* eit impo-nerande arbeid som freistar å setje heile Ibsens forfatterskap i ein samanheng og forklåre alle stykkja innanfor eit konsekvent paradigme. Spørsmålet er om kor brukande dette systemet er, og kor godt det hjelper oss med å forstå Ibsen.

Haugans analyse er nemleg for avgrensa og eintydig til å fun-gere som ei «full og heil» forklå-ring av Ibsens forfatterskap. Dess-utan er det ikkje slik som Hau-gan hevdar gjennom heile boka, at Ibsen-forskinga fram til i dag passivt har akseptert Georg Bran-des' lesing av Ibsen som kultur-radikalar. Dette synet på Ibsen har kontinuerleg vore objekt for diskusjon og kritikk. Mot denne bakgrunnen verkar det som han delvis slår inn opne dører og erklærer krigen mot strå-menn. Dessutan vert ofte verka og idear «skvisa inn» i systemet, noko som delvis slår inn opne dører og erklærer krigen mot strå-menn. Dessutan vert ofte verka og idear «skvisa inn» i systemet, noko som delvis slår inn opne dører og erklærer krigen mot strå-menn. Dessutan vert ofte verka og idear «skvisa inn» i systemet, noko som delvis slår inn opne dører og erklærer krigen mot strå-menn.

Dette gjeld til dømes den kontakta avvisinga av den tvi-tydige slutten på *Samfundets støt-ter* og påstanden om at Ibsen-for-skarar ukritisk har tolka doktor Stockmann i *En folkefeiring* som heilt og slutten på *Fruen fra havet* som lukkeleg, noko som rett og slett er feil.

Det syner seg at Haugans ana-lyse fungerer best når han ikkje



Marianne Nielsen og Lasse Kolsrud i framsyninga *Fruen fra havet* som Riksteateret sette opp i 2012. Foto: Slian Lysberg Solum / NTB scanpix

vert nytta systematisk, men «stykkevis og delt»: Det gjeld til dømes det interessante gre-pet hans på «dobbeltnoterte utsagn», som han låner frå den danske litteraturvitaren Aage Henriksen, og som inviterer til interessante lesingar av Ibsens seine stykke.

IMPONERER DELS

Eit liknande problem har vi med den kristen-evangeliske dimen-sjonen Haugan plasserer Ibsen i. Det er eit kjent faktum at Ibsen hadde religiøse interesser – «Jeg læser ikke andet end Bibelen, – den er kraftig og stærk!» skreiv han til Bjørnson i 1865 – og sys-temet fungerer svært godt for den første delen av forfatterska-pen. Haugans imponerende ana-lyse av *Keiser og galliær* stikk seg ut her, der forfattern omtalar dei mange og komplekse gnos-tiske og nyplatonske referansane.

Men eg vert skeptisk når *Eit dukkehjem* vert tolka idealistisk og Nora står som representant for heilaganden, eller når fru Alving i *Gengangere* får ansvaret for samanbrotet i familien og «stykket tegner et bilde av fru Alving som hjemmets onde ånd». Analysen tek seg opp att med

Rosmersholm og *Bygmester Solness*, men ein får raskt eit inntrykk av at ramma (kvinnegjurnane som vunde ånden) er gjeven frå før. Dessutan underkommiserer Haugan ei viktig side ved Ibsens inngang til det religiøse, nem-leg påverknaden frå Søren Kier-kegaard. Han omtalar rett nok ei gammal bok om emnet, men han utelèt til dømes *Kierkegaard, Ibsen og det moderne* frå 2010, som nok ville gjeve eit anna perspektiv.

TALERØYR

Til sist har vi tolkinga av Ibsens verk som «sjølvrefleksjon». Boka vert omtala som ein litterær bio-grafi, og det er då naturleg at ein trekkjer ein tråd mellom liv og verk, jamvel om eg lurar på om omgrepet «talerør», som Haugan konsekvent nyttar for den første delen av forfatterskapen, faktisk tener analysen. Hovudproble-met er at Haugan tek opp Ibsens utfordring om å lesa forfatta-rskapen som heilskap altfor ukri-tisk. Han endar opp med å ta alt for mykje for god fisk: At Ibsen meinte, i den kjende talen sin i kvinnesaksforeininga, at han ikkje skreiv med kvinnefeig-ing i mente, er meir ein strate-gisk freistnad på å unngå stemp-

ling enn eit kunstnarleg mani-fest.

Ein kan også spørje om me får meir ut av Ibsen ved å lesa han ut frå premissane han sjølv set. Ibsens forfatterskap er ikkje eit gjeve og lukka korpus som ventar på å bli opna opp med den rette nøkkelen, men eit dynamisk korpus som vert aktivert i møtet med mottakaren og tek imot nye tolkingar i ulike epokar og kontekstar. Dette er Haugan full-stendig uinteressert i. Han konstruerer eit svartkvitt bilete der lesinga hans står imot «den dominerende idealistiske tradisjonen i Ibsen-forskningen». Men Ibsen-forskninga, som Ibsens forfatta-rskap, er eit mykje meir dyna-misk, internasjonalt og nyansert miljø enn det Haugan vil ha oss til å tru. Slik sett er *Dommedag og djevelpakt* ei interessant bok som byr på brukande lesingar av nokre Ibsen-stykke, men som i sitt oppgjer med ein sjølvkon-struert autoritet sviktar som den «fulle og heile» tolkinga av Ibsen ho vert presentert som.

GIULIANO D'AMICO

Giuliano D'Amico er fyrsteamanuensis i nordisk litteraturvitenskap ved Høgskulen i Volda.



Ei still stund i Nes Sparbank i Hedmark i 1943. Innskøta i sparebankane auka under krigen, og folk fekk mindre gjeld. Det var ikkje så mykje å bruka pengar på.

PER ROBERT FLOOD

FJORD

LIVET I DYPETS SKJULTE UNIVERS

Under overflaten i fjordens mørke skjuler det seg en fascinerende og til dels ukjent verden av enestående naturfenomener og livsformer – et univers av vakre farger og former.

Det er ned i dette ukjente mørket forfatter og fotograf Per R. Flood tar oss med, der over 3000 plante- og dyrerearter lever, fra de minste planktonorganismer til store sjøpattedyr. I snart 50 år har han forsket på marine dyr og plankton og fotografert livet i vestlandsfjordene.

Aldri før har disse praktfulle og enestående fotografiene blitt samlet i en bok.

OVER
500 FOTO
NY BOK

BESTILL PÅ **SKALD.NO** — VI BETALER FRAKTA